

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 9.

Fylke: *Opland*

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: *Lillehammer*Emne: *Lauving. (Se nr 10: Lyng og moss.)*

Bygdelag:

Oppskr. av:

Gard:

(adresse):

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

## Sanking av hjelpefôr før i tida

Av Kristian Tordhol

Turrsumaren har gjort det aktuelt med sanking av hjelpefôr. I fjellbygdene var sanking av hjelpefôr like visst som anna onnearbeid før i tida. — Og «før i tida» vil her seia tida fram til første verdskrigen. Det galdt både småbrukarar og på dei vanlege gardane. Og var det turrår eller uår på annan måte, var hjelpefôr det dei hadde å trive til. Det var ingen å klage til korkje for prisar eller anna den tida. Ein laut greide det sjølv. Og når dei greidde seg såpass som dei gjorde, så var det først og fremst fordi dei var så flinke til å nytte dei hjelperåder som var for hand. —

Straks slåttonna var over, var det å ta til å hogge lauv før dei som var ledige. Det var gjerne visse karfolk eller andre som ikkje hadde godt for kva som helst av arbeid. Til vanleg var det kararbeid. Var det lauvskog til ved, så prøvde dei ordne med hogginga så dei kunne nytte lauvet. Dersom det var bjørkeskog, hogde dei før slåtten, så dei kunne ta never og bork. Det var salgsvare for mange. På sume gardar kunne dei ha lauvskogkrullar som dei nytta på rasjonell måte til lauvhogst. Dei tok berre av greinene og let buskane eller kjerra stå. Så var det om å gjera å hogge slik at ein ikkje øydela treet anna ein kunne hogge att om eitt år eller to. Lauvkvisten vart bunden i kjerv (band). Og kjerva vart sett i stekkje. Dei fann ein høveleg vid stein

til underlag, og så la dei kjerven opp i ein runding, stakk (stekkje av stakk). Og så vart det reist vedstrangar i kring så ikkje krøter skulle koma til. Så stod dei slik til det var bruk for lauvet om vinteren. «I stekkja nedsnøa lauvskog gøynde, var kjervi utrivne, lasset lest», seier Olav Aukrust i diktet «Vårblå himil i mars».

Same tida tok dei og til å rispe lauv. Det var mest kvinnearbeid. Det var helst av older dei rispa. Dei var nok merksame på at di tidlegare ein tok lauvet, dess meir verdfullt var det som fôr. Men det sat lausare på kvisten når det leid lenger ut mot hausten, så det var lettare å rispe. Det var og betre å turke. Lauvrisinga var hard ved fingrane. Men så var det barka arbeidshender den tida. Det var først og fremst folk som ikkje hadde større av skog sjølve som dreiv og rispa lauv. For lauv var det fritt for å rispe. Det vart eit «konsentret» fôr dette lauvet, og sikkert det mest verdfulle hjelpefôr. Men det var arbeidsamt.

Dei rispa vanleg i store høykorgar, «aktarkorgar». Og det var ikkje snart gjort å få ei velstappa lauvkorg. Og ofte var det langt å bera. Men dei nytta fristundene og sette pris på at dei fekk ein fredsam skogtur. Dei var naturkjære dei gamle fjellbygdfolka. Hadde dei dagen for seg, kunne dei ta med eit par store sekkjer attåt korga. Og så

kom det karhjelp mot kvelden og hjelpte bera heim. Det vart bore mang ei tung bær av både kvinne og kar den tida.

Lauvet skulle alltid turkast under tak, så det ikkje kom regn eller sterk sol på det. Det vanlege var låvegolv, men det vart og nytta andre ledige golv. Det skulle mykje plass til. Så måtte ein røre i det jamleg. Og ettersom det vart turt, var det sett i stål. Og det kunne nok vera at småbrukar-konene kappast om å få største lauvstalet eller største talet lauvkorgar. — Det kunne vera ei verkeleg glede i slitet og!

Raka-lauv sankt dei og når lauvet var falle. Det var helst av osp. Det var det lettintaste, men og det kleinaste fôret. Men det hørde med. Som ho seier Gamla i diktet med same namn av Olav Aukrust:

«Men slikt folkety  
..som det elst fram nå  
..skul'n aldri sjå, —  
..nei, det finst ikkje så godt som..  
r å k å l a u v!»

Gras i utmark i kjerr og holt passsa dei vel på. Og mangen god høyvondul vart sankt såleis.

Viktigaste hjelpefôret var nå likevel mosen, reinmosen. Dei sankt mose både i fjell, vigge og li. Mest verdfull var fjellmosen, for han var reinast, kleinast liamosen, for han var det ofte mykje barnål i.

Dagtingen [Lillehammer] 2-9-1955.

Mose kunne ein ikkje sanke før etter midten av september, når det hadde vorte kjølegare i veret. Mose som var sankt med det var varmt i veret, kunne surne. Og så lenge det var krøter i fjella, kunne dei stange ned att mosehaugane. — Mosen var «vand på veret», ikkje for turt og ikkje for vått. Var det for turt, så «kraup» mosen ihop, og vart mest burte, og det vesle som var att smuldrast sundt. Og var det vått, fraus heile mosehaugen ihop til ein einaste isklank om vinteren.

Det var mykje om å gjera å finne godt mosestølle. Hadde ein det, og det vart godt ver, så kunne ein ikkje tylegare arbeid ha. Vanleg «skaplag» for dagen for vaksen kar var to hauger, to lass. Det tok til med «kastning», mosen vart løyst frå jorda i små «flak» og lagt i små haugar, kast. Reidskapen var moseriva. Ei rive med lange, flate jarntindar som låg godt mot marka. Skaftet på riva var så langt at ein kunne stå høveleg rak når ein kasta. Når ein hadde nok kast, var det å ta til å setja. Ein laga eit godt underlag for haugen av kjerr og ris, så han ikkje skulle frose fast. Så bar ein mosen saman med «mose-rep», ei slag vid, flå korg. Og så vart haugen forma etter kvart. Det var om å gjera at haugen fekk god form, lengd og breidd og høgd i samsvar, og stappa godt saman. Lengda var som ein vanleg «morkaslede», skogsslede, breidda litt større enn sleden, haugen låg godt utover, og så høgda etter det. Det vart lagt på litt kjerr ovanpå med høvelege steinheller til «press», og så vinden ikkje fekk tak. Og så til slutt merke, haugen skulle «sløas».

Vanleg mengd av fjellmose var

to-tre haugar til kvar ku. Det var lettvent arbeid å ta mosen når ein treffe på få godt ver. Og arbeidet i mosefjellet vart som ein ferie. — Det var køyringa som vart det striaste.

Først skulle mosen lynnast ned på sætra. Det gjorde dei så snart det var kome såpass snø først på vinteren. Ved lynninga kunne dei greide to-tre vendingar for dagen. Køyringa frå sætra og heim gjekk for seg utetter heile vinteren. Og dei trengde jamnast dagen på ei vending. Så skulle ein rekne etter arbeidet, vart det dyrt før. Men det gjorde dei ikkje. Ein kunne nok høyre ord som: «Mosen er billegaste føret, han kostar berre arbeidet.»

Mose i li og vigge var berre frå heimetraktene, så da vart køyringa mindre. Men det var fjellmosen som var viktigast. Og for krøtera var det forkunn-mat, — med dâm av fjell med sumar og sol.

Det var enda fleire slag hjelpefôr som «bet» og «gnag», men det tok dei etter kvart som dei hadde bruk for det utetter vinteren. Gnag var greiner og stokkar av furu med gul, fin bork. Sau og geit var reint forhepne på å gnaga av denne borken. Ein la strongane inn i saue- eller geithuset, og så fekk dei gnaga. Var det fint ver, fekk dei sleppe ut.

Bet var fint knoppefullt bjørkeris. Det var serleg for krøtera og helst brukt om våren. Det var og velkome skifte i kothaldet. Ein måtte hogge riset etter kvart som ein skulle bruke det, så det alltid var friskt.

Det var såleis mange ting å hjelpe seg med. Og omkomen kunne ein aldri bli.

NORSK ETHNOLOGISK GRANSKING

11079